

**Fra:** Haakon Aase <haa-aase@online.no>  
**Sendt:** torsdag 18. juli 2019 17:59  
**Til:** 'Linda'; kjetil@bergenbyggplan.no  
**Kopi:** Postmottak Meland  
**Emne:** SV: Nabovarsel til haakon Gunnar Aase gbnr. 26/5 for tiltak på eiendom gnr. 26, bnr. 132 og 3. Sundet og Midtsundet Meland kommune.

**Kategorier:** Grønn kategori

Bergen Byggplan AS v/Kjetil Hjelle

Kopi:  
Meland kommune, avd. Plan, bygg og eigedom  
Ordfører

## MERKNADER TIL NABOVARSEL

Vi viser til skriv med overskrift «Nabovarsel» datert 02.07.19. Skrivet viser til søknad om dispensasjonar frå dei rekkefylgjekrava som er stadfesta i dei planverka som er refererte nedanfor.

Eiendom Gnr. 26, Bnr. 132 M.fl. Sundet, Meland kommune. Plan ID: 12562006005.

Eiendom Gnr. 26, Bnr. 3 M.fl. Detaljplan for Midtsundet. Plan ID: 125620070002.

Det varsles med dette, at det søkes Meland kommune om dispensasjon fra rekkefølgekravene §2.3 i Reguleringsplan for Sundet, gnr. 26, bnr. 132 m.fl. Litlebergen.

Det søkes også Meland kommune om dispensasjon fra rekkefølgekravene §2.3 i detaljplanen for Midtsundet gnr. 26 og gnr. 3 mfl.

- Det søkes dispensasjon fra kommuneplanens arealdel, det i forhold til kommuneplanens reguleringsbestemmelser i pkt. 1.5.6, område med rekkefølge.
- Det søkes Meland kommune om tillatelse til å søke og utføre opparbeidelse av infrastruktur i begge byggefeltene, samt tillatelse til å søke igangsetting og oppføring av de 30 første boenhetene samlet for begge bygge feltene.
- Det gis frist til å svare på nabovarslet til 09.08.2019.

Som eigarar av gnr. 26, bnr. 5 vil vi sterkt rå ifrå at denne søknaden vert innvilga. Slik vi oppfattar søknaden, gjeld den fjerning av ein del særskilte vilkår som er sette for igangsetjing av ei større utbygging i dei nemnde planområda. Det må peikast på at det er særdeles gode grunnar for at desse krava er sette, og vi ser ingen moment som talar for at slike krav skal setjast til side. Vi finn elles at det tilsende materialet er noko mangelfullt då søknadsteksten ikkje er vedlagt, og heller ingen annan form for argumentasjon for innhaldet i søknaden.

Det må leggjast vekt på at vi, og andre oppsittjarar i området Litlebergen, Sundet, Moldekleiv, alt no er belasta med eit trafikkvolum som går langt utover det som er berekraftig i området. Ein oppstart av ei utbygging utan at det ligg føre ein adekvat infrastruktur, vil påføra området og dei som bur og arbeider der, heilt uakseptable belastningar. Vi viser i den samanheng til at det berørte arealet ligg innanfor Nordhordland biosfæreområde, med dei krav til berekraft som dette vil implisera.

Ei vidare utbygging av Sundet/Midtsundet/Nordsundet kan med føremon skytast langt ut i tid, eventuelt bør dei aktuelle området tilbakeførast til LNF-område.

Frekhaug 18.07.19

Beste helsing  
Kristine Fluge og Haakon Aase

Adresse: Litlebergen 29, 5919 Frekhaug  
E-post: [haa-aase@online.no](mailto:haa-aase@online.no)

---

**Fra:** Linda <[linda@bergenbyggplan.no](mailto:linda@bergenbyggplan.no)>

**Sendt:** onsdag 3. juli 2019 12:47

**Til:** [haa-aase@online.no](mailto:haa-aase@online.no)

**Emne:** Nabovarsel til haakon Gunnar Aase gbnr. 26/5 for tiltak på eiendom gnr. 26, bnr. 132 og 3. Sundet og Midtsundet Meland kommune.

Hei

Sender som avtalt pr. tlf. nabovarsel.

Nabovarsel til Haakon Gunnar Aase gbnr. 26/5 for tiltak på eiendom gnr. 26, bnr. 132 og 3. Sundet og Midtsundet Meland kommune.

Vennlig hilsen

Linda Hjelle  
Tlf. 90508242  
Prosjektleder



**Bergen Byggplan**